# Nytt ras i Hopsstranda

Tidleg på ettermiddagen tysdag rasa det på nytt på fylkesveg 615 i Hopsstranda i Hyen.

Geolog vurderte situasjonen ut frå foto, og entreprenør kom raskt til staden for å rydde opp. Vegen vart opna att same ettermiddag.



*For tredje gong på kort tid rasa det på Fv 615 i Hopsstranda.*

# Éin av ti har svake digitale ferdigheiter

11 prosent av befolkninga har svake digitale ferdigheiter, og 3 prosent blir rekna som ikkje-digitale, ifølgje ei undersøking.

Undersøkinga er gjennomført av Kompetanse Noreg for Kommunal- og moderniseringsdepartementet, skriv Aftenposten. (©NPK)

# – Vårt arbeid skjer på bakgrunn av faglege prioriteringar

**Marita Brandsøy Lystad er einingsleiar for fysio- og ergoterapitenesta i Sunnfjord kommune, og fortel at oppstart av rehabiliteringsavdelinga på Skei i utgangspunktet ikkje har ført til fleire ressursar i hennar eining.**

**F.T.: Siri Cecilie Flatjord**

– Dette er fordi rehabilitering i institusjon ikkje er eit nytt tenestetilbod i Sunnfjord kommune, seier Lystad.

*Turnus ut august*

For å få fleire ressursar til tenesta som skal dekke dei auka arbeidsoppgåvene for dei tilsette på Skei, har ho teke inn ein turnusfysioterapeut frå 1. mars til 31. august.

– Vi har turnusplass i Førde, men har ikkje fått turnusfysioterapeut i år grunna overskot på plassar. Vedkomande har utdanning frå Danmark, og kjem ikkje inn under den ordinære norske turnusordninga.

*Omorganisering*

I tillegg har kommunen gjort ei omorganisering av tenesta til born og unge, med verknad frå hausten.

– Bornefysioterapeutar med kontorstad Førde vil følgje opp born og unge også i området Vassenden, noko som frigjer meir kapasitet for dei tilsette med kontorstad Skei, til å følgje opp vaksne/eldre i området Jølster, seier ho og legg til:

– Vi har organisert oss slik at Skei får noko fleire ressursar totalt sett, for å kunne handtere både rehabiliteringsavdelinga og andre arbeidsoppgåver i denne sona.

*Prioriteringsnøklar*

– Trygve Sægrov sitt behov for behandling har ikkje endra seg, kvifor er då behandlinga sett på pause?

– Eg kan ikkje kommentere enkeltpasientar, men generelt sett kan eg seie at arbeidet vårt alltid skjer på bakgrunn av faglege vurderingar og prioriteringar. Vi har utarbeidd felles prioriteringsnøklar for kva problemstillingar og pasientgruppe som skal ha høgast prioritet og komme raskast til hos fysioterapeut. For pasientar som har meir langvarige problemstillingar og behov for vedlikehald av funksjon er tilbodet vårt inntil to årlege bolkar med oppfølging. Vi ser også på om det er mogleg å samarbeide med anna personal kring pasientane, slik at trening og aktivitet også kan bli ein del av kvardagen. Dette kan til dømes vere heimeteneste, personal i barnehage/skule og andre, utdjupar ho.


